



Den utflytta uskedelingen Jan Sunde (til høgre) var også i år styreleiar for reiselivsmessa. Fleire kvinnheringar var mellom gjestene på messa. Her er uskedelingen Einar Pile saman med Sunde på messeplassen Neste Blåne - Runway, som Sunde stod på. Holkjen var skuld i den brotne armen, ikkje kampen om reiseklare kundar. (Foto: Torfinn Myklebust)

Årets reiselivsmesse i utstillingsplassen Arenum i Solheimsvika i Bergen er nett avslutta med uskedelingen Jan Sunde som styreleiar også i år. Og messa har vore like vellukka som i fjor, med mange utstillarar og god tilstrøyming av interesserte og reiselystne.

Mange er i alle fall forvitne på noko av det reiselivsbransjen har å by på. Dette er Vestlandets største reiselivsmesse, berre messa på Lillestrøm er større.

Som vanleg var det bransjefolk som selde turar til både innanlands og utanlands reisemål. Dei fleste norske tilboda var frå Vestlandet, men vi var innom stands som tilbaud reisemål både i Østfold og Nord-Norge, turar med Hurtigruta og mykje meir. I alt var det kring 250 stands.

Kvinnherad var representert saman med resten av Sunnhordland. Her var Karen Løvfall Våge ein av vertane.

Ein annan utflytta ølvesbu, Ingjald Hauge, med mor frå Rød i Uskedalen, stod på standen til HagaNor Reiser. Han er dagleg leiar og styreleiar i dette reiseselskapet som mellom anna tilbyr bussreiser i delar av Europa. Spania er eit av det mest populære reiselanda no for tida, sa han til uskedalen.no.

Ein tar fly til Spania og så er opplegget vidare med bussar. Selskapet og Hauge har hovudkontor i Sandnes.

Jan Sunde var stiftar av bussturselskapet RunWay. Det selskapet tok inn i seg eit liknande selskap HSD i si tid skipa.

Då uskedalen.no var på den tredagars lange messa søndag, møtte vi ikkje så mange kvinnheringar og uskedelingar, men dei vi tidlegare har referert til med tilknytning til Uskedalen, fortalde at det alltid var ein del kvinnheringar på desse messene. Slik hadde det også vore dei første dagane på denne messa.

No er RunWay i Bergen og Eurobuss på Hamar vorten ein del av Tide-konsernet. Og dei er med i Tide Feisers nye opplevelseskonsept Neste Blåne, som det vert kalla. Det er inspirert av eventyrsetningen 'Austanfor sol og vestanfor måne'. Jan Sunde er der leiar for reiselivsavdelingen.

Og dei har også i år gode tilbod i Norge og i verda elles både med buss og fly (www.nesteblåne.no).

Av Torfinn Myklebust